Valle kommune

# Notat

Til:

*Kriseleiinga*

| Vår ref: | Sakshandsamar: | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2020/228-55 | Aud Sunniva Fuhr, aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no | X26 | 18.01.2021 |

## REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 18.01.2021

| | |
|---|---|
| Møtestad: | TEAMS |
| Møtetidspunkt: | 18.01.2021 kl. 14.30 |
| Desse møtte: | Aud Sunniva Fuhr, Steinar Kyrvestad, Dag Steinar Skagestad, Solveig Kyrvestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme |

| Nr. | Sak | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1. | LINK til regjeringa si pressemelding<br>LINK til oversikt reglar og anbefalingar | | |
| 2. | Skule og utdanning<br><br>Ungdomsskule nedjusterast til gult nivå frå og med onsdag 20.01, men seinast fredag 22.01.<br><br>Kulturskulen held fram på samme nivå som har vore. | | |
| 3. | Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement<br><br>Kultursenteret opnar att for born og unge under 20 år. Ungdomsklubb og juniorklubb kan startast opp.<br><br>Møykjeromet vert opna for ikkje-organisert idrott. Organisert idrott for vaksne følgjer nasjonale føringar. (sjå link)<br><br>Onsdagsdagsenteret på bygdeheimen vert opna att med dei retningslinene som føreligg.<br><br>Soknehuset vert opna att, må følgje nasjonale råd. | | |
| | Sosial kontakt<br><br>Oppmoder om minst mogleg sosial kontakt.<br><br>Link til FHI i høve nasjonale råd om sosial kontakt. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Reiser<br><br>Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsamanheng til det mest naudsynte. | | |
| | Heimekontor<br><br>Ikkje innføre pålagt heimekontor, men skal vurderast i særskilte høve. Det er leiar sitt ansvar å vurdere. Smittevern skal ivaretakast og den enkelte eining syter for tiltak/rutinar for dette.<br><br>Avgrense møteaktivitet. Hovudregel er gjennomføring av møter digitalt.<br><br>Ved fysiske møter:<br>2 meter avstand<br>Vurdere bruk av munnbind | | |
| | Butikkar<br><br>Har hatt kontroll. Dei aller fleste har god kontroll på dette, og dei som har fått merknader frå kontrollen har tatt dette til etteretning og gjort tiltak i høve dette.<br>Kommunen er nøgd med at bedriftene tek smittevern på alvor.<br><br>Skjenkestopp er vidareført. Ny vurdering veke 4. | | |
| | Status i Valle kommune er at det er ingen smitte pr. dd.<br><br>HUGS likevel å vaske hendene, hald avstand og ver heime når du er sjuk!<br><br>Ingen lokale reglar i Valle kommune. Vi følgjer nasjonale råd og reglar. | | |
| | Nytt møte vert om 14. dagar. | | |

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør